



**KOMMUNEDELPLAN FOR STIAR OG  
LØYPER  
VINJE KOMMUNE 2016-2026**

**RETNINGSLINER**

Plan og miljøutvalet 22.11.2017

Kommunestyret 18.01.2018

# Innhald

---

<b>1. Retningslinjer</b> .....	3
1.1 Planavgrensing.....	3
1.2 Rettsverknad.....	3
1.3 Krav om godkjenning av regleringsplan.....	3
1.4 Viktige beiteområde .....	3
1.5 Villrein.....	3
1.6 Universell utforming.....	3
1.7 Kulturminne og kulturmiljø .....	3
1.8 Grunneigartilhøve.....	4
<b>2. Risiko og sårbarhetsanalyse ved etablering av nye trasear</b> .....	4
<b>3. Fysisk utforming av sti- og løypetrasear</b> .....	5
3.1 Preparerte skiløyper .....	6
3.2 Enkle skiløyper .....	7
3.3. Stikka skiløyper .....	7
3.4. Løyper til spesielle arrangement vinter.....	7
3.5 Hundekøyringsløyper .....	8
3.6 Vinterleikområder .....	8
3.7 Stiar.....	8
3.8 Turmål.....	9
3.9 Stiar/vegar eigna for sykkel .....	9
3.9.1 Sykkeleruter.....	9
3.9.3 Fatbiketrasear.....	9
3.10 Riding og køyring med hest .....	10
<b>4. Skilting og merking</b> .....	10
<b>5. Vedlikehald</b> .....	10
5.1 Sommarvedlikehald .....	10
5.2 Vintervedlikehald.....	11
<b>6. Samferdselsanlegg og teknisk infrastruktur</b> .....	11
6.1 Parkeringsplasser.....	11

# 1. Retningslinjer

---

## 1.1 Planavgrensing

Planavgrensinga til kommunedelplan for stiar og løyper følgjer kommunegrensa for Vinje kommune. Planen omfattar ikkje Hardangervidda nasjonalpark, men visar samanhengen til løypenettet der.

## 1.2 Rettsverknad

Rettingslinene er ikkje juridisk bindande, men av oppmodande og informativ karakter med ein rettleiande funksjon.

## 1.3 Krav om godkjenning av regleringsplan

I medhald av PLB § 11-9, nr-1 kan det ikkje opparbeidast parkeringsplass som medfører vesentlege terrenginngrep, eller oppstillingsplass for meir enn 10 bilar, før området gjeng inn i godkjend reguleringsplan.

For å få godkjent nye reguleringsplaner skal det visast til korleis utbyggjar ivaretek eksisterande stiar og løyper og best mogleg tilgang til hovudløypenettet.

## 1.4 Viktige beiteområde

I viktige beiteområde, skal tilrådingar i Beitebruksplanen vege tungt.

## 1.5 Villrein

Kommunen kan stanse oppkøyring av løyper dersom det er fare for konflikt med villrein. I trekkområda jf. temakart, mellom Setesdalsheiane og Hardangervidda skal det ikkje vere merkte/stikka løyper.

## 1.6 Universell utforming

Der det skal etablerast heilårs turveg og fleirbrukstrasear skal desse, så langt råd, vere universelt utforma på egna parti/ trasear. Ein bør unngå lange stigningar/fall, og der dette er umogleg, bør stigninga/fallet brytast med korte, flate parti. For parti/ trasear tilrettelagde for rullestol skal stigning/ fall fylgje normene i tabellen under. Ein bør unngå skarpe svingar og svingar ved foten av utforbakkar, og i svingar bør tverrfall/dosering gjerast større.

## 1.7 Kulturminne og kulturmiljø

Der opparbeiding av stiar og løyper krev vesentleg terrenginngrep skal tiltaket høyrast hjå Telemark fylkeskommune for avklaring etter kulturminnelova før eventuell byggeløyve kan gjevast, jf. kulturminnelovens § 9 om undersøkingsplikt.

Dersom det under arbeid med opparbeiding av stiar og løyper kjem fram automatisk freda kulturminne, må arbeidet stansast med det same og ansvarleg mynde varslast, jf. kulturminnelova § 8, 2. ledd.

## 1.8 Grunneigartilhøve

Ved etablering av nye stiar, skiløyper, sykkelruter og parkeringsplassar skal det lagast avtale og gjennomførast synfaring med grunneigar før tiltaket blir sett i verk. Ein rår til å nytte skjemaet «Avtale om bruk av utmark i Vinje kommune». Avtala skal innehalde ansvarstilhøve knytt til opparbeiding og vedlikehald. Deretter skal forslaget til trase sendast kommunen til vurdering.

## 2. Risiko og sårbarheitsanalyse ved etablering av nye trasear

Før etablering av nye trasear skal det ligge føre ei risiko og sårbarheitsanalyse som kommunen gjennomfører.

Mal:


Farekategori	Relevant fare/omsyn	Nei	Ja	Merknad
Natur /kultur	Er områda utsett for sno – eller steinskred?			
	Er det fare for utgliding (er området geoteknisk utsatblile?)			
	Går løypa over vatn/elv/bekk?			
	Er områda særskild vindutsett?			
	Går løypa inn mot villreinens leveområde?			
	Går stien inn i viktige beiteområde for husdyr?			
	Er det kulturminne i området?			
Infrastruktur	Vil utilsikta/ukontrollerte hendingar på nærliggande transportårer (veg, vatn,elv) utgjere ei risiko for området?			
	Krysser traseen løypenettet for fritidskøyning med snoskuter ?			
	Dersom det gjeng høgsspentliner ved/gjennom området:			
	Bli området påverka av magnetisk felt frå el liner?			
	Er det spesiell klatrefare i samband med master?			

	Er det spesielle farar forbunde med bruk av trensportnettet for gåande, syklande og køyrande innafør området?			
Tidligare bruk	Er området påverka/forureina av tidlegare versemder som gruver, opne sjaktar, steintippar osv.?			
	Militære anlegg: fjellanlegg, piggrådsperringar osv.?			
	Industriverksemd, slik som avfallsdeponi?			
Omgjevnader	Er det regulerte vassmagasin i nærleiken med spesiell fare for usikker is?			
	Er det regulerte vassdrag i nærleiken som kan føre til varierende vasstand?			
	Finst det naturlege terrengformasjonar som utgjer spesiell fare (stup osv.?)			
Ulovleg verksemd	Sabotasje og terrorhandlingar:			
	Er tiltaket i seg sjølv eit sabotasjemål?			
	Finns det potensielle sabotasjemål/terrormål i nærleiken ?			

### 3. Fysisk utforming av sti- og løypetrasear

Ljosløyper / trasear som kan leggest til rette som fleirfunksjonelle trasear i form av skiløype vinterstid og trasé for ferdsel til fots, med sykkel, barnevogn, rullestol, rulleski, riding, hest og vogn m.m. sommartid. Så langt det lar seg gjere skal det vere universell utforming av egna parti / trasear.

Naturlige arrondering av terrenget skal i størst mogleg grad bestemme traséføringa på fleirbrukstrasear, sjå Figur 2 under. Vidare bør fleirbrukstrasear, så langt råd, etablerast som rundløyper. Parti / trasear skal så langt råd vere lagt til rette for rullestol og rulleski gjennom asfaltering.



Den øvste teikninga visar tilpassing av heilårs turveg i landskapet. Terrengets naturlege arrondering skal i størst mogleg grad bestemme traseføringa slik øvste figur viser. Større skjeringar og fyllingar som visa nedst, må ein unngå (Kultur- og kirkedepartementet 2008, Veileder – Tilrettelegging av turveier, løyper og stier).

Vinterløyper ynskjast ikkje tilrettelagt som fleirfunksjonelle trasear, men berre som reine skiløyper. Vinterløyper blir delt inn i 4 kategoriar etter opparbeidingsgrad, plassering i terrenget og brukarintensitet:

- Preparerte skiløyper
- Enkle skiløyper
- Stikka løyper
- Løyper ved spesielle arrangement

### 3.1 Preparerte skiløyper

1. Store skiløyper kan opparbeidast med ei bruksbreidde på inntil 6 meter.
2. Innanfor bruksbreidda og den naturlege avgrensande kantsone, kan ein tillate krattknusing og fjerning av stubbar/steinar, samt å utføre terrengtilpassingar.
3. Fylling/ planering skal gjerast ved bruk av masse frå staden.
4. Toppdekke skal vere av vegetasjon frå staden eller oppkutta treflis eller bork.
5. Synlege skjeringar/fyllingar skal revegeterast med vegetasjon frå staden.

6. Kantsone mot vatn og vassdrag skal i størst mogleg grad bevarast.
7. Etablering av langsgåande grøfte er ikkje tillate. Nødvendige dreneringstiltak kan utførast.
8. Bruer og klopper kan anleggjast. I områder der elvar og bekkar er beitegrenser for husdyr skal bruer byggast med stengsel som hindrar husdyr i å passere.
9. Opparbeiding av nye, store skiløyper i tråd med kommunedelplan stiar og løyper er søknadspliktig tiltak etter PBL § 20-3.
10. Ved vedlikehald og oppgradering innanfor avgrensingane er ikkje punkta 1-7, søknadspliktige tiltak etter PBL 20-3 med mindre fylling/skjerjing av terreng frå opphavleg terrengnivå er større enn 3 meter over ei strekning på inntil 10 meter.
11. På snaufjellet og i andre sårbare områder der vedlikehald eller oppgradering medfører terrenginngrep blir det alltid kravt søknad etter PBL § 20-3.
12. Etablering av bru er søknadspliktig tiltak etter PBL 20-3.

### 3.2 Enkle skiløyper

1. Det er ikkje lov å etablere lysanlegg langs traseen.
2. Enkle skiløyper kan opparbeidast med ei bruksbreidde på inntil 2 meter.
3. Innanfor bruksbreidda og den naturlege avgrensande kantsona er det tillate med krattknusing og fjerning av stubbar/steinar.
4. Utjamning av groper / hol innanfor bruksbreidda med masse frå staden kan tillatast. Det tillatast ingen andre former for terrenginngrep.
5. Kantsona mot vatn og vassdrag skal i størst mogleg grad bevarast.
6. Bruer og klopper kan etablerast. I område der elvar og bekkar er beitegrenser for husdyr, skal bruer byggast med stengsel som hindrar husdyr i å passere.
7. Vedlikehald og oppgradering av enkle skiløyper innanfor avgrensingane, er ikkje punkta 1-4, søknadspliktige tiltak PBL § 20-3.
8. Ved nyetablering av enkle skiløyper i tråd med kommunedelplan for stiar og løyper, skal den planlagde traseen leggast fram for kommunen seinast 6 veker før tiltaket er planlagt sett i verk. Kommunen vil då gjere ytterlegare vurdering i høve til kulturminne og naturmangfald.

### 3.3 Stikka skiløyper

1. Det er ikkje tillate med stikka skiløyer inn i villreinens leveområde.
2. Det er ikkje tillate med terrenginngrep, etablering av konstruksjonar eller anlegg i tilknytning til stikka løyper.
3. DNT's løype mellom Haukeliseter og Hellevassbu og Mogen og Lågaros og Mogen og Stordalsbu kan fyrst stikkast frå helga før påske. Sticking/merking i verneområde er jf. *Retningslinjer for regulering av ferdsle i Forvaltningsplan for Hardangervidda nasjonalpark med landskapsvernområde* og etter lokale avtaler med grunneigarar.
4. Avtale med grunneigarar skal vere på plass før arbeid blir sett i verk.

### 3.4 Løyper til spesielle arrangement vinter

1. Traseane til Grendelåmi, Haukelirennet og Helterennet og Raulandslåmi kan køyrast opp inntil 5 dagar før arrangementet.

2. Terrenginngrep er ikkje tillatne.
3. Stikker og anna merking skal takast ned innan 3 dagar etter avslutta arrangementet.
4. Med heimel i *Forskrift for bruk av motorkjøretøy i utmark (etc) § 6* og *Retningsliner for handsaming av søknader etter Motorferdselslova for Vinje kommune* kan arrangørane for gjennomføring av årlege, offentlege idrottsarrangement etter søknad få dispensasjon for inntil 4 år om gongen. Kommunen syter for køyresetel til bruk ved kontroll.
5. Avtale med grunneigarar skal vere på plass før arbeid blir sett i verk.

### 3.5 Hundekøyringsløyper

1. Det er ikkje lov å etablere lysanlegg langs traseen.
2. Hundekøyringsløyper kan opparbeidast med en bruksbreidde på inntil 2 meter.
3. Innanfor bruksbreidda og den naturlige avgrensande kantsona er det tillate med krattknusing og fjerning av stubbar/steinar.
4. Utjamning av groper / hol innanfor bruksbreidda med bruk masser frå staden kan tillatast. Det tillatast ingen andre former for terrenginngrep.
5. Kantsona mot vann og vassdrag skal i størst mogleg grad bevarast.
6. Bruer og klopper kan etablerast. I områder der elver og bekkar er beitegrenser for husdyr, skal bruer byggast med stengsel som hindrar husdyr i å passere.
7. Vedlikehald og oppgradering av hundekøyringsløyper innanfor avgrensingane, er ikkje punkta 1-4 søknadspliktige tiltak etter PBL § 20-3.
8. Ved nyetablering av hundekøyringsløyper i tråd med kommunedelplan stiar og løyper skal den planlagde traseen leggjast fram for kommunen seinast 6 veker før tiltaket er planlagt sett i verk. Kommunen vil då gjere ei ytterlegare vurdering i høve til kulturminne og naturmangfald.
9. Avtale med grunneigarar skal vere på plass før arbeid blir sett i verk.

### 3.6 Vinterleikområder

1. Innanfor vinterleikområder tillatast krattknusing og fjerning av stubbar og steinar.
2. Avtale med grunneigarar skal vere på plass før arbeid blir sett i verk.

### 3.7 Stiar

1. Sommarstiar kan opparbeidast med en bruksbreidde på inntil 1,5 meter.
2. Innanfor bruksbreidda er krattknusing og fjerning av stubbar og steinar tillate.
3. Kantsona mot vatn og vassdrag skal i størst mogleg grad bevarast.
4. Klopper og bruer kan byggast. I områder der elvar og bekkar er beitegrenser for husdyr må bruer byggast med stengsel som hindrar husdyr i å passere.
5. Etablering av bru er søknadspliktig etter PBL § 20-3.
6. Avtale med grunneigarar skal vere på plass før arbeid blir sett i verk.



### 3.8 Turmål

1. Det er tillate at områda blir tilrettelagde med bål plass, lavvo, gapahuk, toalett. Oppstillinga er ikkje uttømmende.
2. Permanent bål plass skal godkjennast av brannsjef.
3. Permanente byggverk som er opne for ålmenta er søknadspliktig etter PBL § 20-3 og 20-4.
4. Avtale med grunneigarar skal vere på plass før arbeid blir sett i verk.

### 3.9 Stiar/vegar eigna for sykkel

#### 3.9.1 Sykkelruter

1. Sykkelruter skal i all hovudsak gå langs eksisterande vegar og på vegar bygd i samband med kraftutbygginga, eller på vegar som er eigna til føremålet.
2. Samanbinding av ruter kan opparbeidast med ei bruksbreidde på inntil 1,5 meter.
3. Innanfor bruksbreidda kan krattknusing og fjerning av stubbar og steinar tillatast.
4. Klopper og bruer kan byggast. I områder der elvar og bekkar er beitegrenser for husdyr må bruer byggast med stengsel som hindrar husdyr i å passere.
5. Etablering av bru er søknadspliktig etter § 20-3.
6. Avtale med grunneigarar skal vere på plass før arbeid blir sett i verk.

#### 3.9.2 Sykkelstiar

Kan eventulet etablerast i eige prosjekt, der del av prosjektet er å lage retningsliner.

#### 3.9.3 Fatbiketrasear

1. Det er ikkje lov å etablere lysanlegg langs traseen.
2. Fatbiketrasear kan opparbeidast med ei bruksbreidde på inntil 2 meter.
3. Innanfor bruksbreidda og den naturlege avgrensande kantsone er krattknusing og fjerning av stubbar/steinar tillate.
4. Utjamning av groper / hol innanfor bruksbreidda kan tillatast ved bruk av masser frå staden. Andre former for terrenginngrep er ikkje tillatne.
5. Kantsone mot vatn og vassdrag skal i størst mogleg grad bevarast.
6. Bruer og klopper kan etablerast. I område der elvar og bekkar er beitegrenser for husdyr, skal bruer byggast med stengsel som hindrar husdyr i å passere.
7. Vedlikehald og oppgradering av fatbiketrasear innanfor avgrensingane, er ikkje punkta 1-4 søknadspliktig tiltak PBL § 20-3.
8. Ved etablering av trasear vinter, skal desse gå langs fritidsløypenettet for snoskuter.
9. Ved nyetablering av fatbiketrasear i tråd med kommunedelplan for stiar og løyper, skal den planlagde traseen leggest fram for kommunen seinast 4 veker før tiltaket er tenkt sett i verk. Kommunen vil då gjere ei ytterlegare vurdering i høve til kulturminne og naturmangfald.
10. Avtale med grunneigarar skal vere på plass før arbeid blir sett i verk

### 3.10 Riding og køying med hest

1. Køying med hest skal gå føre seg etter offentlege vegar eller der grunneigar gjev lov til dette.
2. Det bør vurderast om riding skal kanalisert til eigne trasear, der eventuelle konflikhtar og terrengslitasje kan minimaliserast.
3. Avtale med grunneigarar skal vere på plass før arbeid blir sett i verk.

## 4. Skilting og merking

---

Ved opparbeiding og/eller oppgradering av sti, skiløype, og sykkelrute skal traseen, innan 1 år, merkast/skiltast i trå med Merkehandboka «Skilting og gradering av turløyper og andre aktivitetstilbud i naturen».



## 5. Vedlikehald

---

### 5.1 Sommarvedlikehald

Vedlikehald av turtrasear bør skje etter faste planer og rutinar. Om sommaren vil vedlikehald vere:

- ⊗ Ettersyn og planering/høvling av gruslagt trase
- ⊗ Ettersyn og reingjering/kosting av asfaltert trase, eventuelt utbetring av skader og sår
- ⊗ Ettersyn og reinsk av grøfter og stikkrenner
- ⊗ Klipping av kantar og sideareal

- ⊗ Klipping og slått av gras i skiløypetrase
- ⊗ Skjøtsel og beskjering av busker og trevegetasjon langs traseen
- ⊗ Ettersyn og kontroll av lysarmatur og lamper, sikringskåp og sikringar.

For turstiar/mindre skiløyper er vedlikehaldet stort sett å kutte overheng og å fjerne vindfall samt sjekke bruer og klopper.

## 5.2 Vintervedlikehald

Med unntak for dei heilt tettstadnære turvegane, blir desse normalt ikkje opparbeidd for å bli brøyta. Viss brøyting likevel er aktuelt, må det takast spesielle omsyn i vårløysinga.

Skiløypepreparering i turvegar er ofte problematisk viss turvegen også skal brukast som gangveg om vinteren. For turvegar må det også utarbeidast planer for vintervedlikehald, det vil vere:

- ⊗ Brøyting og strøyning av trase som skal haldast open som gangveg og joggeløype
- ⊗ Preparering av skiløype med trakkemaskin. Trakkemaskinen kan planere med frontskjær og frese opp harde og slitne løyper og setje nye spor.
- ⊗ Preparering med snoscooter der det er for trangt for trakkemaskin
- ⊗ Ettersyn og kontroll av lysarmatur og lamper

## 6. Samferdselsanlegg og teknisk infrastruktur

---

Parkeringsplassar ved større utfartsområder.

Parkeringsplasser bør i størst mulig grad tilpassast eksisterande terreng og vegetasjon. Toppdekket skal vere jamnt og fast, og bør normalt vere av grus eller asfalt.

Parkeringsplassar skal vere universelt utforma og fall bør difor ikkje overstige 1:20.

Der det er mogeleg bør ein kombinere større parkeringsplassar i utbyggingsområde/hyttfelt med utfartsparkering.

### 6.1 Parkeringsplasser

1. Det tillatast å etablere ljøs på parkeringsplassar tilknytt fleirbrukstrasear og heilårsveg.
2. Kvar biloppstillingsplass blir dimensjonert med 2,5 meter x 5 meter.
3. Kantar, skjeringar og fyllingar skal revegeteras med stadleg vegetasjon eller såast med gras.
4. I medhald av PBL § 11-9, 1. ledd, nr. 1 kan det ikkje opparbeidast parkeringsplass for meir enn 10 bilar før området er teke inn i godkjend reguleringsplan.
5. Opparbeiding av ny parkeringsplass er søknadspiktig tiltak etter PBL § 20-3.